

Steffan Vike  
Persenbakken 63  
5034 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2829 - 21/43734

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
23.06.2021

## Førehandsvarsel om pålegg om opprydding og ilegging tvangsmulkt - gbnr. 219/1 Vike

Viser til vårt brev av 14.04.2021 der vi opplyser om vi har mottoke ei bekymringsmelding med informasjon om at er observert bossbrenning og forsøpling på egedommen din, med adresse Midtneset 12/20, 5994 Vikanes. Området der bossbrenninga er observert, skjer på land ved sjøen, rett før tunnelen til Vikanes, og er godt synleg frå E39. Det blir vidare meldt om at dette har pågått over fleire år. Kommunen er blitt informert om at det dreier seg bl.a. om plastgjenstandar.

I brevet vårt ber vi om ei tilbakemelding frå deg med kva for planar du har med denne avfallsfyllinga med frist for å svare **05.05.2021**.

Alver kommune har ikkje mottoke tilbakemelding frå deg innan fristen.

Vi gjer merksam på at i utgangspunktet er all brenning av avfall ulovleg. **Det er ikkje tillat å brenne søppel, næringsavfall, trykkimpregnert trevirke, behandla rivningsvirke, møblar, EE-avfall og farleg avfall.**

Kommunen varslar med dette at vi vurderer å påleggje deg som grunneigar å rydde opp på egedomen med gnr. 291, bnr. 1. I dette brevet finn du informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

### Kommunens oppgåve og mynde

I forureiningslova § 48 er ei av kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureinings situasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 37 1. ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har oppbevart avfall i strid med § 28.

### Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt

Kommunen reknar gjenstandane på egedomen din som avfall i høve til forureiningslova § 27, 1. ledd. Dette gjeld uansett kva for grunn de har til å oppbevare dei på egedomen.

Det er vidare etter forureiningslova § 28, 1. ledd eit generelt forbod mot å etterlate eller oppbevare avfall slik at det kan «virke skjæmmende eller være til fare eller ulempe for miljøet». Føresegna gjeld og forsøpling på eigen egedom. Etter føresegna i § 28, 3. ledd stillast det krav til forureinaren om å rydda opp.

Styresmaktene stiller strenge krav til behandling av avfall.

Alver kommune kan forby oppbevaring av gjenstandar «*når det etter kommunens skjønn vil gjøre opphold eller ferdsel farlig, virke sterkt skjæmmende eller være til vesentlig ulempe*», jfr. plan-og bygningslova § 28-5. Vi viser i den samanheng til at oppbevaring av denne type avfall kan vere farleg for forbipasserande, til eksempel for born.

### **Varsel om pålegg**

Med heimel i forureiningslova § 37 1. ledd varslar Alver kommune om at vi vil påleggje deg å rydde opp dersom vi innan **30.09.2021** ikkje har motteke ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon frå deg om at du allereie har rydda opp.

Med heimel i forureininglova § 73 varslar Alver kommune om at vi vil ilegge tvangsmulkt dersom opprydding ikkje er foretatt **innan 30.09.2021**.

### **Frist**

Dokumentasjonen må sendast kommunen **innan 30.09.2021**.

### **Kva kan du gjere no?**

For å unngå pålegg må de gjere følgjande:

- Fjerne plastgjenstandane mm. Levering av plastemballasje skjer til godkjent mottak.
- Sende oss ei skriftleg tilbakemelding med opplysningar om at du har rydda opp, samt bilete dokumentasjon.

### **Dine rettar:**

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om opprydding. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon nr. 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no).
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

### **Aktuelt regelverk**

- Kommunens tilsynsplikt følgjer av forureiningslova § 48
- Definisjon av avfall følgjer av forureiningslova § 27
- Forbod mot forsøpling følgjer av forureiningslova § 28.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73
- Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av forureiningslova § 37 1.ledd.
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.

### **Ved all vidare kontakt i saka ver vennleg og referer til saksnr. 21/2829**

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Steffan Vike

Persenbakken 63

5034

BERGEN